

Prop. 15 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2025 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 21. november 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2025.

2 Forslag om endringar

Kap. 61 Høyesterett

Post 01 Driftsutgifter

Lønna til dommarane i Høgsterett blir regulerte av Stortinget med verknad frå 1. oktober året før. Verknaden av lønnsoppgjeret for perioden 1. oktober 2024 til 31. desember 2025 er 3,2 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 3,2 mill. kroner.

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak.

Det er behov for å flytte midlar for å drifte råd, utval og prosjekt under departementet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 9,5 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke på kap. 400, post 21.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga dekker lønns- og driftsutgifter til råd og utval.

Det er behov for å flytte midlar for å drifte råd, utval og prosjekter under departementet. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 9,5 mill. kroner, mot ei tilsvarende reduksjon på kap. 400, post 01.

Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner

Løyvinga dekker Noreg sine tilskot og kontingentar til internasjonale organisasjonar og samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet.

På grunn av endringar i valutakursen har kostnaden auka med om lag 250 000 kroner. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 250 000 kroner.

Kap. 410 Domstolane*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentlig bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølve dekker godtgjersla. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Løyvinga på posten avheng av salærsatsen og talet på avslutta saker. Det er vanskeleg å anslå utgiftene ved eit tvangssal, fordi det er usikkert korleis rentenivået og andre samfunnsendringar vil påverke situasjonen. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 7,9 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overføres

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene blir bokførte i separate saksrekneskapar.

Utgiftene avheng av omfanget av saker og kapasiteten til jordskiftedomstolane til å avvikle desse sakene. På bakgrunn av rekneskapstal og forventta utvikling foreslår departementet å redusere løyvinga med 1,8 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolane*Post 01 Rettsgebyr*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Gebyrinntektene er reduserte, mellom anna på grunn av færre konkursar enn venta.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å redusere løyvinga på posten med 5 mill. kroner.

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå gebyr som partane i saka betaler. Prognosar frå jordskiftedomstolane viser at anslaga for saks- og gebyrinntekter er usikre. Auka fokus på rettsmekling fører til reduserte gebyrinntekter.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorgen*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under kap. 431, post 01*

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430, post 03 og 04. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 430, post 01 med 6,1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 3430, post 04 (2 mill. kroner) og kap. 3430 post 03 (4,1 mill. kroner). Sjå nærmare omtale under kap. 3430, post 03 og 04.

Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overføres

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Det er domstolane som avgjer prøvelauslatingar frå forvaring for opphald i institusjon eller kommunal bustad.

Oppdatert prognose tilseier eit mindreforbruk på posten i 2025 på 37 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 37 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorgen*Post 03 Andre inntekter*

Inntektene på posten omfattar mellom anna inntekter frå andre direktorat og statlege organ for felles aktivitetar. Kriminalomsorgsdirektoratet vil få inn om lag 4,1 mill. kroner meir i inntekter enn lagt til grunn i budsjettet. Posten har meirinntektsfullmakt mot kap. 430, post 01.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 4,1 mill. kroner, mot tilsvarende auke på kap. 430, post 01.

Post 04 Tilskudd

Inntektene på posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismene. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt som kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Refusjon for pådratte utgifter til det internasjonale arbeidet kriminalomsorga gjer, vil gi ei meirinntekt i 2025 på 4,2 mill. kroner. Posten har meirinntektsfullmakt mot kap. 430, post 01 og kap. 431, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner mot ein auke på kap. 430, post 01

(2 mill. kroner) og kap. 431, post 01 (2,2 mill. kroner).

Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap.430, post 01

Løyvinga på posten dekker ordinære driftsutgifter under Kriminalomsorgsdirektoratet.

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 431, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430, post 04. Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner mot tilsvarende auke av løyvinga på kap. 3430, post 04, knytt til det internasjonale arbeidet kriminalomsorga gjer.

Kap. 433 Konfliktrådet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02. Departementet foreslår å auke løyvinga med 18 000 kroner på kap. 433, post 01, mot ei tilsvarende auke på kap. 3433, post 02.

Kap. 3433 Konfliktrådet

Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktrådet har i samband med kurs og konferansar.

Departementet foreslår å auke posten med 18 000 kroner, mot ei tilsvarende auke på kap. 433, post 01, som følgje av auka inntekter.

Kap. 440 Politiet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i politidistrikta, dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta og politiet sine egne særorgan, med unntak av Politihøgskolen og PST sentralt, som får løyvingane sine over høvesvis kap. 442 og kap. 444. Utgifter til påtalemakta i politiet blir budsjetterte på kap. 443, post 01, og utgifter til Politidirektoratet blir budsjetterte på kap. 441, post 01. Justis- og beredskapsdepartementet har i 2025 fullmakt til å overskride løyvinga

på kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3440, post 02, post 03 og post 04.

Midlar til dronar

Den tryggleikspolitiske situasjonen krev at politiets evne til å løyse oppdrag knytt til dronehendingar må aukast. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 30,3 mill. kroner til investeringar i materiell.

Flytting av midlar – påtalemakta i politiet

Det er behov for å flytte ein del av midlane til satsinga mot kvitvasking og korrupsjon frå kap. 440 til kap. 443, som følgje av auka aktivitet i påtalemakta. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 18 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 443, post 01.

Lågare aktivitet i politiinnsats utført for organisasjonar, lag, offentlege etatar m.m.

Som følgje av lågare aktivitet i politiinnsats som er utført for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar, er det venta reduserte refusjonar i 2025. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 100 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 02.

Færre oppdrag i samband med vakthald m.m.

Som følgje av færre oppdrag i samband med vakthald på festivalar, konsertar, fotballkampar osv. er det venta reduserte refusjonar. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 03.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 107,7 mill. kroner.

Post 22 Søk etter antatt omkomne, kan overføres

Løyvinga under denne posten skal dekke kostnader knytte til søk etter personar som ein går ut frå har omkomme. Posten dekker òg nokre personellutgifter og ev. utgifter til å betre søke-metodane.

På bakgrunn av rekneskapstal og forventata utvikling i 2025 foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2,6 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål

På bakgrunn av oppdaterte rekneskapstal og prognosar for sideutgifter er det forventa eit meirforbruk på posten. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

Post 46 Investeringer i Schengen IT-systemer, kan overføres

Løyvinga på posten dekker prosjektutgiftene politiet har til utvikling og implementering av nye felles-europeiske IT-system for styrkt grensekontroll, betre informasjonsdeling og auka tryggleik.

På bakgrunn av oppdaterte anslag og forventa utvikling i 2025 foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 44,4 mill. kroner.

Post 48 Tildelinger fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, kan overføres

Løyvinga på posten dekker løyvingane til nasjonale prosjekt under EUs grense- og visumfinansieringsordning (BMVI).

Det er venta redusert prosjektstøtte frå BMVI i 2025. Denne reduksjonen vil medføre ein tilsvarende nedgang i refusjon frå EU over kap. 3440, post 08 i 2026 eller seinare år.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 56 mill. kroner.

Post 73 Internasjonale forpliktelser, mv., kan overføres

Løyvinga på posten dekker utgifter i samband med internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EUs grense- og visumfinansieringsordning (BMVI), Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fri-dom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex).

Kravet om innbetaling av Noreg si kontingent for Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex) er forseinka. Noreg sitt bidrag til Frontex er derfor venta å forfalle i 2026.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 72 mill. kroner, mot tilsvarende auke i 2026.

Kap. 3440 Politiet*Post 02 Refusjoner mv.*

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2025 reknar ein med lågare refusjonar i poli-

tiet i 2025. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 100 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 03 Salgsinntekter

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2025 reknar ein med lågare salsinntekter i politiet i 2025. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent opphaldsløyve.

På bakgrunn av ein forventa auke i talet på visse søknader foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 18 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Løyvinga på posten dekker gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr frå tvangsforretningar og forliksrådsbehandling.

Det er forventa ein auke i gebyrinntektene som følgje av at restansar registrert inn i 2024 blir behandla.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 150 mill. kroner.

Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger

Posten dekker refusjonar frå EU sine grense- og visumfinansieringsordningar. Refusjonane på posten er baserte på det rekneskapsførte forbruket i prosjekta som har fått løyving over kap. 440, post 48. I 2025 får Noreg refusjonar frå EU for prosjekt knytte til Det indre tryggleiksfondet (ISF-fondet).

Forseinkingar i prosjektplanar fører til at refusjonsutbetalingane er lågare enn venta. Derfor foreslår departementet å redusere løyvinga med 130 mill. kroner.

Kap. 442 Politihøgskolen*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til Politihøgskolen.

Politihøgskolen har i 2025 hatt lågare inntekter frå eksterne forskningsmidlar enn venta. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3442, post 03.

Kap. 3442 Politihøgskolen

Post 03 Eksterne forskningsmidler

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2025 reknar ein med lågare inntekter frå eksterne forskningsmidlar for Politihøgskolen i 2025. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 442, post 01.

Kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til påtalemakta i politiet.

Det blir vist til omtale under kap. 440, post 01. Det er behov for å flytte ein del av midlane til satsinga mot kvitvasking og korrupsjon frå kap. 440 til kap. 443, grunna auka aktivitet i påtalemakta. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 443 med 18 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Aktivitetsnivået i PST har vore høgt også i 2025, noko som heng saman med den tryggingsspolitiske situasjonen og trusselnivået.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Post 01 Driftsutgifter

Kontingent for deltaking i EUs ordning for sivil beredskap

Løyvinga skal mellom anna dekke den årlege kontingenten for at Noreg skal delta i EU si ordning for sivil beredskap (UCPM). Kontingenten for 2025 vart lågare enn tidlegare venta. Departementet

foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 73,8 mill. kroner.

Nødvarsel

Løyvinga på posten inkluderer overføring av ubrukt løyving frå 2024 på 26 millionar kroner til drift av Nødvarsel. Mindreforbruket frå 2024 kjem av at prosjektet først vart levert i august 2024, medan løyvinga var basert på eit heilt år med drift. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 26 mill. kroner.

Omfordeling til prosjektering av nytt nødnett

Noreg treng eit nytt nødnett. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har gjennom 2025 gjennomført ei rekkje aktivitetar knytte til prosjekt nytt nødnett som har kravd meir ressursar enn forutsett. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 22,1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 451, post 22. Ansvar for det nye nødnettet er flytta frå Justis- og beredskapsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltingsdepartementet frå og med 29. august 2025.

Anskaffing av IT-utstyr ved DSB

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 8 mill. kroner til anskaffing av IT-utstyr.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 451, post 01 med 69,7 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres

Anskaffingar på vegne av brukarane av nødnett

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i nødnett og tilhøyrande tenester. Kjøp av utstyr i nødnett på vegner av brukarane er venta å bli 33 mill. kroner høgare enn budsjettert. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 33 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 3451, post 05.

Omfordeling til prosjektering av nytt nødnett

Arbeidet med nytt nødnett har kravd meir ressursar frå DSB enn det som var planlagt på starten av året. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 22 med 22,1 mill. kroner mot ein

tilsvarande auke av løyvinga på kap. 451, post 01, jf. omtale under kap. 451, post 01.

Omfordeling for å dekke meirutgifter for redningshelikoptertenesta

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 9,6 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 454, post 01, som inndekning for auka utgifter til drift av redningshelikoptertenesta i 2025.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 451, post 22 med 1,3 mill. kroner.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består mellom anna av inntekter frå kursverksemd ved Sivilforsvaret sine utdannings- og kompetansesenter, samt inntekter frå behandling av søknader om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for utanlandske arbeidstakarar innan elektrofag.

Saksbehandlingsgebyr – yrkeskvalifikasjon for utanlandske elektrofagarbeidarar

Frå 2025 vart det innført eit gebyr for behandling av søknad om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for utanlandske elektrofagarbeidarar. Talet på søkjarar har gått ned. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner.

Kursverksemd ved Sivilforsvarets kompetansesenter (SFK)

Sivilforsvaret har gjennomført færre kurs for eksterne ved Sivilforsvarets kompetansesenter enn det som var forventa. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Oppsummering

Samla sett foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3451, post 03 med 6,5 mill. kroner.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i nødnett. Vidare dekkjer løyvinga

refusjonar for tenester og produkt som kundar av nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 33 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 451, post 22, jf. omtale under kap. 451, post 22.

Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjekt for kjøp av nye redningshelikopter.

Lågare valutakursar

Departementet forventar reduserte valutautgifter i samband med drifta av redningshelikoptertenesta samanlikna med budsjettet. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 3,9 mill. kroner som følgje av lågare valutautgifter i samband med Tromsø-basen.

Meirutgifter til drift av redningshelikoptertenesta

Dei nye redningshelikoptera gir Noreg auka beredskap. Samstundes er moderne helikoptersystem meir krevjande å drifte. I 2025 er løyvinga til drift av redningshelikoptertenesta derfor varig auka med til saman 272 mill. kroner. I inneverande år har det oppstått meirutgifter samanlikna med budsjettet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 133,3 mill. kroner i 2025, mot ein reduksjon av løyvinga på kap. 451, post 22 på 9,6 mill. kroner, og ein reduksjon av løyvinga under Forsvarsdepartementet, kap. 1760, post 45 på 55,8 mill. kroner. Auka løyving legg til rette for å oppretthalda beredskapsnivået til redningshelikoptera. Sjå òg omtale i omgrupperingsproposisjonen under Forsvarsdepartementet for 2025.

Oppsummering

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med til saman 129,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter og bygging av ein ny redningshelikopterbase i Bodø som følgje av at Bodø lufthamn skal flyttast.

Grunna forseinkingar i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter blir milepælar, og dermed kostnader, forskyvde frå 2025 til 2026. Saman med endringar i kostnadene til mellom anna helikopterleverandøren, eigedom, bygg og anlegg og utbetring av landingsplassar ved sjukehus, fører dette til at kostnadene til prosjektet i 2025 blir lågare enn venta. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 398,9 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstjenesten

Post 01 Driftsutgifter

Staten overtar eigarskap og forvaltning av kyst-radiotenesta frå 2026. Verksemdoverføringa vil bl.a. innebere at radiooperatørane vert overførte til Hovudredningssentralen (HRS). Overføringsprosessen har leda til høg belastning blant administrativt personell i HRS.

Departementet foreslår med bakgrunn i dette å auke løyvinga på kap. 455, post 01 med 2,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle. Vidare omfattar løyvinga refusjonar til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, til forbruk og erstatning av tapt materiell med vidare. Det er vanskeleg å berekne forbruket på posten, sidan utgiftene varierer med talet på redningsaksjonar. Utgiftene på posten har auka over fleire år som følge av fleire hendingar, samt en auke i bruk av ressursar til maritim søk og redning. På grunn av ein betydeleg auke i talet på innsendte refusjonar, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 10 mill. kroner.

Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for Nasjonalt tryggingssorgan (NSM).

Utsifting av teknisk utstyr

NSM gjennomfører utsifting av teknisk utstyr, der omfanget av anskaffingane og levetidsforlengingane er så stort at det får karakter av

investeringar som skal løyvast på post 45. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 01 med 15 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 457, post 45.

Verdibevarande vedlikehald

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,7 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 1710, post 01. Endringa er knytt til verdibevaring av eigedom, bygg og anlegg.

Oppsummering

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med til saman 14,3 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, medrekna bl.a. teknisk utstyr til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI). Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 15 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 457, post 01, jf. omtale under kap. 457, post 01.

Kap. 461 Advokattilsynet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under post 21

Advokattilsynet blir finansiert av advokatbransjen gjennom årlege bidrag frå advokatane, jf. Advokatloven § 60. Advokatnemnda er eit sjølvstendig forvaltningsorgan som avgjer disiplinærsaker og er klageinstans for vedtak fatta av Advokattilsynet. Advokatnemnda er ikkje organisert som ein statleg verksemd. Departementet har lagt opp til at inntekter og utgifter knytte til drifta av Advokatnemnda skal løyvast på budsjettet til Advokattilsynet, og at Statens innkrevingssentral (SI) skal krevje inn bidrag frå advokatane som finansierer drifta av Advokatnemnda. Bidraget frå advokatane som skal finansiere drifta av Advokatnemnda ble ved ein feil ikkje omtalt i Prop. 1 S (2024–2025) for Justis- og beredskapsdepartementet, og er derfor ikkje inkludert i inntekts- og utgiftsløyvingane til Advokattilsynet.

Departementet foreslår med bakgrunn i dette å auke løyvinga på kap. 3461, post 01 med 28,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 461, post 01.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under post 01

I oppstartsåret er likviditetsbeholdninga til det tidlegare Tilsynsrådet for advokatverksemd ført på posten. Den endelege rekneskapen for 2024 frå Tilsynsrådet for advokatverksemd viser at likviditetsbeholdninga er 16 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 3461, post 02 med 2 mill. kroner mot tilsvarende justering av kap. 461, post 21.

Kap. 3461 Advokattilsynet

Post 01 Bidrag fra advokater og forvalterordning

Det blir foreslått å auke løyvinga med 28,2 mill. kroner på kap. 3461, post 01 mot ein tilsvarende justering av kap. 461, post 01.

Post 02 Diverse inntekter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner på kap. 3461, post 02 mot ein tilsvarende justering av kap. 461, post 21.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker for personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, fornærma, eller pårørende og etterlatne etter den fornærma. Posten er regelstyrt.

Det har vore ein auke i talet på saker, og dei fleste sakene er større og meir kostnadskrevjande enn før. Utgiftene på posten er høgare enn i same periode i fjor. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 466, post 01 med 64,6 mill. kroner.

Kap. 470 Fri rettshjelp

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokat, sakkunnige, meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova og barnelova. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter til advokat eller rettshjelpar i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Posten er regelstyrt.

Det er fleire aktørar som fører utgifter på denne posten, og det er fleire faktorar som påverkar forbruket. Det tar mellom anna tid før dei auka inntektsgrensene for fri rettshjelp gir utslag i auka utgifter. Ny modell for behovsprøvd rettshjelp trådde i kraft 15. oktober 2025. Det er usikkert korleis dette vil påverke utgiftene på posten.

Basert på rekneskapen og prognoser for året, kan løyvinga reduserast. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 141,1 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

Post 01 Tilkjente saksomkostninger m.m.

Sakskostnader som blir tilkjende staten i saker der ein eller begge partar får fri sakførsel (benefiserte saker), blir førte over til denne posten. Ny modell for behovsprøvd rettshjelp tok til å gjelde 15. oktober 2025. Den nye modellen inneber at det blir innført prosentvis eigenandelar som blir betalte ut frå dei samla advokatutgiftene i saka. Inntektene som det offentlege får i samband med innkreving av eigenandelar vil bli førte på kap. 3470, post 01. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 2,5 mill. kroner i 2025.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten skal dekke erstatning i saker etter valdserstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Kontoret for valdsoffererstatning har sett i verk tiltak for å redusere restansane av saker etter den tidlegare lova. I tillegg er det enkelte saker som er omfattande, og der det vil bli utbetalt høge erstatningsbeløp.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga på posten med 34 mill. kroner.

Kap. 475 Bobehandling

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer statens ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten) ikkje dekkjer utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73.

Det er ein auke i utgiftene på posten, som følgje av ein auke i innkomne konkurssaker.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga på posten med 22 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til den særskilde garantiordninga til Justis- og beredskapsdepartementet.

Det vart gitt fleire tilsegn i fjor samanlikna med tidlegare år og talet på konkursar har òg auka. Forbruket per andre tertial er høgare enn tilsvarende periode i fjor.

Departementet foreslår med bakgrunn i dette å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

Post 50 Tilskudd

Overføring av ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen frå Longyearbyen lokalstyre til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

For å starte arbeidet med nødvendig oppgradering av energiinfrastruktur i Longyearbyen, skal ansvaret for energiforsyninga overførast frå Longyearbyen lokalstyre til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 312,2 mill. kroner.

På svalbardbudsjettet blir endringa foreslått som ein auke på *kap. 0003 post 50 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre*. Den auka løyvinga skal gå til å løyse inn gjelda Svalbard Energi AS (SEAS) har til Longyearbyen lokalstyre. I Prop. 1 S (2025–2026) Svalbardbudsjettet foreslo regjeringa at staten skal innløyse gjelda som ein del av transaksjonen der Svalbard Energi (SEAS) blir overført frå Longyearbyen lokalstyre til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, heileigd under Nærings- og fiskeridepartementet. Innløyseing av gjelda er eit vilkår for at transaksjonen skal kunne gjennomførast.

Overføring av bustadar frå Longyearbyen lokalstyre til Statsbygg

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 59,3 mill. kroner, for å leggje til rette for at Longyearbyen lokalstyre sine 123 bustader kan bli overførte til Statsbygg. Bustadane har eit stort behov for rehabilitering. Overføringa til Statsbygg skal sikre ein meir profesjonell og heilskapleg forvaltning av bustadane.

På svalbardbudsjettet blir endringa foreslått som ein auke på *kap. 0003 post 50 Tilskudd til Longyearbyen lokalstyre*. 49,2 mill. kroner av den

auka løyvinga skal gå til å løyse inn gjeld som Longyearbyen lokalstyre har i samband med bustadane. 10,1 mill. kroner av den auka løyvinga er kompensasjon for at husleiga vil auke når Longyearbyen lokalstyre i framtida skal leige bustader tilbake frå den statlege bustadpoolen som Statsbygg forvaltar i Longyearbyen. Statsbygg er ein verksemd underlagd Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

For omtale av andre nødvendige løyvingar til å gjennomføre transaksjonen blir det vist til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sin omgrupperingsproposisjon for 2025.

Innkjøp av materiell til Sysselmeisteren

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 1,7 mill. kroner til innkjøp av materiell som styrkjer Sysselmeisteren si beredskapsevne, og til oppdatering av IKT-tryggleik i verksemda. På svalbardbudsjettet blir endringa foreslått som ein auke på *kap. 0005 Sysselmeisteren post 01 Driftsutgifter*.

Auke i skatteinntekter og utførselsavgift

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 40,0 mill. kroner, som ei følgje av høgare rekna skatteinntekter for 2025.

På svalbardbudsjettet blir endringa foreslått som ein auke på *kap. 3030, post 70 Skatter m.m.* Departementet foreslår vidare å redusere løyvinga på posten med 839 000 kroner som følgje av høgare rekna utførselsavgift for 2025. På svalbardbudsjettet blir endringa foreslått som ein auke på *kap. 3030 post 71 Utførselsavgift*.

Oppsummering

Departementet foreslår samla å auke løyvinga på *kap. 480 post 50* med 332,4 mill. kroner.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI). Det inkluderer lønn til tilsette, IT-system, utstyr og anskaffingar, med unntak av større investeringar og mottak for asylsøkarar.

Flytting av midlar til å behandle utvisingssaker

I samband med behandlinga av Prop. 146 S og Innst. 540 S (2024–2025) vart løyvinga på posten auka med 30 mill. kroner for å auke kapasiteten til

å behandle utvisingssaker. Formålet med løyvinga er vidare angitt i romartalsvedtak X i Innst. 540 S (2024–2025):

«Stortinget ber regjeringen påse at utlendingsmyndighetene prioriterer utvisning av personer som har begått alvorlig og gjentatt kriminalitet, herunder narkotikakriminalitet».

For å sikre ei føremålstenleg bruk av løyvinga foreslår departementet å flytte 4 mill. kroner av løyvinga frå UDI til Utlendingsnemnda (UNE). På denne bakgrunn foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 491, post 01.

Refusjonar

Departementet foreslår å auke løyvinga med til saman 0,6 mill. kroner pga. auka refusjonar, jf. omtale under kap. 3490, post 05.

Oppsummering

Departementet foreslår samla sett å redusere løyvinga på posten med 3,4 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar.

Det er eit mindrebehov til innkvartering av asylsøkarar. Årsaka er i all hovudsak ein lågare prognose på talet på asylsøkarar, og dermed færre bebuarar i mottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 167,2 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandlinga av asylsaker. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikring av intervju og omsetjingar.

Det er eit mindreforbruk på posten, som i hovudsak kjem av ein reduksjon i prognose for inkomstar, asylsaksbehandling og tolkeutgifter.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11,3 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk, administra-

sjon m.m. i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunane.

Løyvingsbehovet er større enn venta, i hovudsak pga. at det er fleire vertskommunar for asylmottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner.

Post 70 Stønader til beboere i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til faste økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, samt eventuelle andre nødvendige ytingar.

Løyvingsbehovet er mindre enn venta som følgje at det er færre bebuarar i mottak enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 42,7 mill. kroner.

Post 72 Assistert retur og reintegrering i heimlandet, kan overføres

Løyvinga på posten skal bidra til at personar som har fått endeleg avslag på søknaden om vern, og andre personar som ikkje har lovleg opphald i Noreg, returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg legge til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet. Posten finansierer stønadsordningar og tilskotsordningar som kan nyttast til informasjons- og motivasjonsarbeid for assisterte returar eller tilbakevendingar frå Noreg.

Det er venta eit mindrebehov på posten knytt til reduksjon i prognosen for tilbakevendingar. Det er i hovudsak ukrainarar som nyttar seg av ordninga. I andre halvdel av 2025 har det vore ein reduksjon i søknadar om tilbakevendingsstønad, samt at fleire har trekt søknaden sin.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 31,1 mill. kroner.

Post 73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv.

Posten har som formål å støtte arbeidet med overføring av flyktningar i regi av FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR) og eventuelt andre relevante organisasjonar. Som følgje av at 97 plassar på kvoten for overføringsflyktningar vart overført frå 2024 til 2025 er det eit meirbehov på posten.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner.

Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres

Løyvinga skal dekke kontingentar og andre innbetalingar Noreg har til internasjonale samarbeidsorgan på migrasjonsområdet.

Det er venta eit mindrebehov på 28,5 mill. kroner til Noregs bidrag til EUs asylbyrå, European Agency for Asylum (EUAA). Mindrebehovet kjem dels som følge av at Noreg framleis ikkje har skrive under på tilknytingsavtalen med EUAA, slik at Noreg sitt bidrag framleis blir berekna ut frå den tidlegare tilknytingsavtalen med European Union Agency for Asylum (EASO). Mindrebehovet kjem òg dels av at Noreg sin del av rekninga blir lågare enn tidlegare berekna. Det er samstundes eit mindrebehov på posten på 4,6 mill. kroner til internasjonale IKT-forpliktingar. Mindrebehovet er knytt til forseinkingar i IKT-utviklinga i Schengen, og korleis Noreg sin del av kontingenten blir berekna og fordelt på aktivitetar i UDI og hos politiet.

Departementet foreslår samla å redusere løyvinga med 33,1 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, kan overføres

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og ev. reiser i samband med anna byrdedeling. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

UDI har ein avtale om reiselogistikk for overføringsflyktningar med FN-organisasjonen International Organization for Migration (IOM). Kor mykje Noreg må betale til IOM avheng bl.a. av talet på reiser til Noreg, kvar reisa er frå, og valutakurs. Det er lågare utgifter til IOM i 2025 enn forventa.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet*Post 03 Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, ODA-godkjente utgifter*

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 01 og 75.

Som følge av endringar på kap. 490, post 75 og justeringar i berekningsgrunnlaget på kap. 490, post 01 foreslår departementet å redusere løyvinga med 991 000 kroner.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter til innkvartering av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 21, 60, 70 og 71. Inntektsanslaget er redusert pga. eit mindre behov for mottaksplassar. Reduksjonen kjem av underliggjande endringar i berekningsgrunnlaget som er beskrivne i kap. 490, post 21, 60 og 70.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 232,9 mill. kroner.

Post 05 Refusjonsinntekter

Inntektsanslaget aukar med 0,6 mill. kroner pga. høgare refusjonar frå EØS finansieringsordninga (EEA Grants og Norway Grants (2014–2021)). Meirinntekta er knytt til ressursbruk i UDI, og det blir derfor foreslått ein tilsvarende auke på kap. 490, post 01.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 637 000 kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 490, post 01.

Post 06 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter

Utgifter til overføring av flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Inntektsanslaget er knytt til utgifter over kap. 490, post 73.

Som følge av endringar på kap. 490, post 73 og justeringar i berekningsgrunnlaget foreslår departementet å auke løyvinga med 948 000 kroner.

Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Dei siste prognosane tilseier lågare utgifter til tolk og omsetjing på kap. 490, post 22 i 2024.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 10,9 mill. kroner.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, samt tiltak som fremjar samarbeid om retur, retur-

avtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltning i sentrale opphavs- og/eller transittland, og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Inntektsanslaget heng saman med utgifter på kap. 490, post 72 og post 76. Prognosen for tilbakevendingar er lågare enn tidlegare anslått, noko som fører til lågare ODA-godkjende utgifter.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 16,8 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE.

Nemndbehandling

Det ligg an til eit meirforbruk på opptil 1,4 mill. kroner til nemndbehandling på kap. 491, post 21. Kap. 491, post 01 og 21 har stikkorda «kan nyttast under». Departementet foreslår å redusere løyvinga på denne posten med 1,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på post 21, jf. omtale under post 21.

Flytting av midlar til å behandle utvisingssaker

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner til å styrkje kapasiteten til å behandle utvisingssaker, jf. omtale under kap. 490, post 01.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 2,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling mv., kan nyttas under post 1

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med avviking av nemndmøte.

Det ligg an til eit meirforbruk på opptil 1,4 mill. kroner i samband med nemndbehandling. Auken skuldast høgare kostnader til nemndbehandling enn det som tidlegare vart lagt til grunn. Kap. 491, post 01 og 21, har stikkorda «kan nyttast under».

I samsvar med prinsippet om realistisk budsjettering foreslår departementet å auke løyvinga på post 21 med 1,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på post 01.

3 Andre saker

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Redningshelikopterbasen i Tromsø

Vedtak nr. 983, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen starte nødvendige forberedelser som sikrer at Forsvaret overtar som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 85 S (2020–2021) og Innst. 393 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Hovudredningssentralen (HRS) har levert ei utgreiing om konsekvensane ved å gjennomføre vedtaket. Utgreiinga presenterer to alternativ som begge kan levere tilfredsstillande redningshelikoptertjenester, men som har ulike fordelar og ulemper: eitt alternativ med vidareføring av sivil operatør, og eitt der Forsvaret overtek som operatør av basen i Tromsø når kontrakten med den sivile operatøren går ut.

Det blir no gjennomført ei ekstern kvalitets-sikring av dei to alternativa som er presenterte i utgreiinga. Alternativet med vidareføring av sivil operatør inneber lågare kostnader enn alternativet der Forsvaret overtek, hovudsakleg som følge av lågare investeringskostnader. Dersom Forsvaret blir operatør med AW101 SAR Queenhelikopter, vil dette gje større rekkjevidde og større løftekapasitet samanlikna med det ein sivil operatør kan tilby. Dette vil sikre lik standard som dei andre basane og vil kunne styrkje totalberedskapen. Dette vil vere gjenstand for kvalitetssikring. Forsvaret som operatør vil kunne nytte helikoptera i større grad ved krisar eller krig.

Staten har ein opsjon på kjøp av nye redningshelikopter. Det er gitt ein åpning av leverandøren for å utsette frist på opsjonen i kontrakten på inntil to månader. Så raskt som råd er etter at kvalitetssikringa er ferdig vil regjeringa leggje fram ein proposisjon for Stortinget med forslag til val av framtidig løysing for drifta av redningshelikopterbasen i Tromsø.

Etablering av ungdomseiningar

I nysalderinga for 2024 og statsbudsjettet for 2025 er det løyvd 11 mill. kroner på kap. 430, post 45 til investeringar i samband med etableringa av ei Ungdomseining sørvest på Evje og 60 mill. kroner til utbygging ved Ungdomseining aust på Eidsvoll.

Departementet foreslår at midla sjåast i samanheng og kan brukast til begge prosjekta.

Retting av feil i samla inntekter på Svalbardbudsjettet

Ved behandlinga av Svalbardbudsjettet 2025 i Utanriks- og forsvarskomiteen, jf. Innst. 17 S (2024–2025), vart det vedteke feil beløp i inntektskapittel 3035 *Tilskudd fra statsbudsjettet*, post 50 *Tilskudd*. På posten vart det vedteke ei inntekt på 477 000 000 kroner. Riktig beløp skal vere 477 050 000 kroner, noko som samsvarar med Stortinget sitt vedtak på statsbudsjettet kap. 480 Svalbard, post 50 *Tilskudd*, jf. Blå bok.

Vidare skal dei samla inntektene på Svalbardbudsjettet også aukast med 50 000 kroner, frå 697 288 500 kroner til 697 338 500 kroner. Desse presiseringane er nødvendige for utarbeidinga av statsrekneskapen og svalbardrekneskapen for 2025. Dei riktige beløpa er lagt til grunn for omtale i Prop. 1 S (2025–2026).

Bakgrunnen for endringane på 50 000 kroner er gjort greie for i Prop. 1 S Tillegg 2, kapittel 2, under omtale av kap. 480 Svalbardbudsjettet, post 50 *Tilskudd*.

Endringar internt på Svalbardbudsjettet

Departementet foreslår å auke løyvinga på Svalbardbudsjettet kap. 0005 Sysselmeisteren med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på 1,5 mill. kroner på Svalbardbudsjettet kap. 0006

Sysselmeisterens transportteneste. Sysselmeisteren har i 2025 hatt ekstra utgifter, m.a. knytt til høgnivåbesøk i samband med at det er gått 100 år sidan Svalbard vart innlemma i kongeriket. I desse samanhengane har det påløpt ekstra utgifter, mellom anna knytt til vakthald.

Avtale mellom Den europeiske union og Norge om overføring av passasjerlisteopplysninger (PNR-opplysninger)

Forslaget til løyving på kap. 440 Politiet, post 01 Driftsutgifter, dekkjer mellom anna utgifter til sakshandsaming i politiet i tilknytning til «*Avtale mellom Den europeiske union og kongeriket Norge om overføring av passasjerlisteopplysninger (pnr-opplysninger) for å forebygge, avdekke, etterforske og rettsforfølge terrorhandlingar og alvorlig kriminalitet*» (PNR-avtalen) inngått 14. oktober 2025. Dei økonomiske og administrative kostnadane ved avtalen er avgrensa, og kan handterast innanfor det noverande løyvingnivået på budsjett-posten.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2025 under Justis- og beredskapsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2025 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2025 under Justis- og beredskapsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2025 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
61		Høyesterett:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01,</i> økes med.....	3 200 000
		fra kr 141 871 000 til kr 145 071 000	
400		Justis- og beredskapsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, reduseres med	9 500 000
		fra kr 491 147 000 til kr 481 647 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres,</i> økes med.....	9 500 000
		fra kr 14 000 000 til kr 23 500 000	
	71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner, økes med.....	250 000
		fra kr 23 258 000 til kr 23 508 000	
410		Domstolene:	
	21	Spesielle driftsutgifter, reduseres med.....	7 904 000
		fra kr 109 438 000 til kr 101 534 000	
	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres,</i> reduseres med.....	1 841 000
		fra kr 2 502 000 til kr 661 000	
430		Kriminalomsorgen:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 431, post 01,</i> økes med.....	6 100 000
		fra kr 6 113 198 000 til kr 6 119 298 000	
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres,</i> reduseres med.....	37 000 000
		fra kr 166 000 000 til kr 129 000 000	
431		Kriminalomsorgsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430, post 01,</i> økes med.....	2 200 000
		fra kr 179 983 000 til kr 182 183 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
433		Konfliktrådet:	
	01	Driftsutgifter, økes med fra kr 189 501 000 til kr 189 519 000	18 000
440		Politiet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01</i> , reduseres med.....	107 700 000
		fra kr 24 570 474 000 til kr 24 462 774 000	
	22	Søk etter antatt omkomne, <i>kan overføres</i> , reduseres med.....	2 584 000
		fra kr 7 584 000 til kr 5 000 000	
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål, økes med.....	4 000 000
		fra kr 29 119 000 til kr 33 119 000	
	46	Investeringer i Schengen IT-systemer, <i>kan overføres</i> , økes med.....	44 363 000
		fra kr 119 736 000 til kr 164 099 000	
	48	Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, <i>kan overføres</i> , reduseres med.....	56 013 000
		fra kr 138 415 000 til kr 82 402 000	
	73	Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overføres</i> , reduseres med.....	72 000 000
		fra kr 730 008 000 til kr 658 008 000	
442		Politihøgskolen:	
	01	Driftsutgifter, reduseres med fra kr 737 666 000 til kr 735 366 000	2 300 000
443		Påtalemyndigheten i politiet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 01</i> , økes med.....	18 000 000
		fra kr 1 726 683 000 til kr 1 744 683 000	
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST):	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , økes med.....	10 000 000
		fra kr 53 526 000 til kr 63 526 000	
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap:	
	01	Driftsutgifter, reduseres med fra kr 1 594 215 000 til kr 1 524 515 000	69 700 000
	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i> , økes med	1 300 000
		fra kr 622 744 000 til kr 624 044 000	
454		Redningshelikoptertjenesten:	
	01	Driftsutgifter, økes med fra kr 1 229 960 000 til kr 1 359 360 000	129 400 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , reduseres med.....	398 890 000
		fra kr 1 398 828 000 til kr 999 938 000	
455		Redningstjenesten:	
	01	Driftsutgifter, økes med	2 500 000
		fra kr 195 788 000 til kr 198 288 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, økes med.....	10 000 000
		fra kr 40 962 000 til kr 50 962 000	
457		Nasjonal sikkerhetsmyndighet:	
	01	Driftsutgifter, reduseres med	14 261 000
		fra kr 543 302 000 til kr 529 041 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , økes med.....	15 000 000
		fra kr 13 210 000 til kr 28 210 000	
461		Advokattilsynet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i> , økes med	28 200 000
		fra kr 48 976 000 til kr 77 176 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttes under post 01</i> , økes med.....	2 000 000
		fra kr 14 000 000 til kr 16 000 000	
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m.:	
	01	Driftsutgifter, økes med	64 577 000
		fra kr 1 744 283 000 til kr 1 808 860 000	
470		Fri rettshjelp:	
	01	Driftsutgifter, reduseres med	141 146 000
		fra kr 898 543 000 til kr 757 397 000	
473		Statens sivilrettsforvaltning:	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i> , økes med	34 000 000
		fra kr 616 000 000 til kr 650 000 000	
475		Bobehandling:	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i> , økes med.....	22 026 000
		fra kr 161 295 000 til kr 183 321 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , økes med.....	3 000 000
		fra kr 9 263 000 til kr 12 263 000	
480		Svalbardbudsjettet:	
	50	Tilskudd, økes med	332 361 000
		fra kr 484 325 000 til kr 816 686 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
490		Utlendingsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, reduseres med fra kr 1 509 631 000 til kr 1 506 268 000	3 363 000
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak, reduseres med fra kr 2 576 332 000 til kr 2 409 110 000	167 222 000
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse, reduseres med fra kr 27 041 000 til kr 15 765 000	11 276 000
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak, økes med fra kr 369 180 000 til kr 373 698 000	4 518 000
	70	Stønader til beboere i asylmottak, reduseres med fra kr 601 305 000 til kr 558 567 000	42 738 000
	72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 104 135 000 til kr 73 010 000	31 125 000
	73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, økes med fra kr 11 806 000 til kr 12 306 000	500 000
	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 93 264 000 til kr 60 189 000	33 075 000
	75	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 11 009 000 til kr 10 001 000	1 008 000
491		Utlendingsnemnda:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i> , økes med fra kr 295 602 000 til kr 298 202 000	2 600 000
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling mv., <i>kan nyttes under post 01</i> , økes med fra kr 7 663 000 til kr 9 063 000	1 400 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Domstolene:	
	01	Rettsgebyr, reduseres med..... fra kr 217 170 000 til kr 212 123 000	5 047 000
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene, reduseres med fra kr 22 903 000 til kr 22 100 000	803 000
3430		Kriminalomsorgen:	
	03	Andre inntekter, økes med fra kr 27 177 000 til kr 31 277 000	4 100 000
	04	Tilskudd, økes med fra kr 26 326 000 til kr 30 526 000	4 200 000
3433		Konfliktrådet:	
	02	Refusjoner, økes med fra kr 6 000 til kr 24 000	18 000
3440		Politiet:	
	02	Refusjoner mv., reduseres med..... fra kr 311 623 000 til kr 211 623 000	100 000 000
	03	Salgsinntekter, reduseres med..... fra kr 54 637 000 til kr 34 637 000	20 000 000
	06	Gebyr – utlendingssaker, økes med fra kr 322 419 000 til kr 340 438 000	18 019 000
	07	Gebyr – sivile gjøremål, økes med fra kr 559 196 000 til kr 709 196 000	150 000 000
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, reduseres med..... fra kr 207 500 000 til kr 77 500 000	130 000 000
3442		Politihøgskolen:	
	03	Eksterne forskningsmidler, reduseres med fra kr 13 587 000 til kr 11 287 000	2 300 000
3451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap:	
	03	Diverse inntekter, reduseres med..... fra kr 40 560 000 til kr 34 060 000	6 500 000
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett, økes med fra kr 557 263 000 til kr 590 263 000	33 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3461		Advokattilsynet:	
	01	Bidrag fra advokater og forvalterordning, økes med fra kr 48 300 000 til kr 76 500 000	28 200 000
	02	Diverse inntekter, økes med..... fra kr 14 000 000 til kr 16 000 000	2 000 000
3470		Fri rettshjelp:	
	01	Tilkjente saksomkostninger m.m., økes med fra kr 4 954 000 til kr 7 454 000	2 500 000
3490		Utlendingsdirektoratet:	
	03	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, ODA-godkjente utgifter, reduseres med..... fra kr 19 054 000 til kr 18 063 000	991 000
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, reduseres med..... fra kr 2 322 815 000 til kr 2 089 909 000	232 906 000
	05	Refusjonsinntekter, økes med fra kr 2 987 000 til kr 3 624 000	637 000
	06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter, økes med..... fra kr 11 358 000 til kr 12 306 000	948 000
	07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter, reduseres med fra kr 25 653 000 til kr 14 734 000	10 919 000
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter, reduseres med fra kr 94 999 000 til kr 78 224 000	16 775 000

